

## Utfordringar rundt rus i studentmiljøet

Det er diverre slik at mange unge i dagens samfunn opplev utfordringar knyta til rus og rusavhengigheit. SHoT-undersøkinga vis at 41 % av studentane har eit skadeleg eller risikofylt forhold til alkohol og 30 % av studentar rapporterer å ha brukt eit ulovleg rusmiddel.

I fjor var det ein artikkel i NTNU si studentavis (Under Dusken) om studentar som ulovleg har brukt eller brukar Ritalin (ofte omtala som «puggedop») for å prestere betre på eksamen. UiO har også rapportert dette problemet. SHoT-undersøkinga vitnar om at svært få studentar brukar desse medikamenta, men Helsedirektoratet er bekymra for utviklinga.

STA ser eit behov for at problematikken rundt studentars bruk av rusmidlar settast på dagsorden. Det snakkast ofte om psykisk og fysisk helse, men det ser ut til at den nemnde problematikken ofte blir gløymd. På tross av at rusproblemet stadig blir større i Noreg, særleg blant unge, er det ingen støtteapparat rundt studentmassen angående rusproblematikken. STA meiner det er på tide at dette problemet tas på alvor av dei ulike organa rundt studentmassen, slik at dei kan få den hjelpen dei treng.

Studentar som ber om hjelp skal få eit tilbod som ikkje får konsekvensar for deira studieprogresjon. Tilbodet skal ha som hensikt å hjelpe studentar som slit med rusavhengigheit å fullføre studiane på tilnærma normert tid.

Ein AKAN-avtale (Arbeiderlivets komité mot alkoholisme og narkomani) er ein avtale mellom arbeidsgivar og arbeidar der formålet er å sikre tett oppfølging rundt rusproblema samtidig som ein kan behalde jobben. Kvar arbeidsplass skal ha ein AKAN-ansvarleg som kan brukast av alle arbeidarane. Ein AKAN-ansvarleg har taushetsplikt.

STA meiner at studentar skal innlemmast i denne avtalen på lik linje som arbeidarane. Der målet med AKAN-avtalen er at ein skal få behalde jobben, skal også studentar ikkje miste studieplassen sin eller bli egna som uskikka eller ueigna berre som følgje av at dei søk hjelp for rusavhengigheit. Å søke om hjelp skal ikkje få konsekvensar. STA trur at det vil gjere det lettare for mange å be om hjelp dersom det er tydeleg at dette ikkje får konsekvensar.

STA meiner:

- At det skal gjerast ei bevisstgjering rundt problematikken studentar og rus.
- At studentar som slit med rusproblematikk skal få den hjelpen de trenger utan at det får konsekvensar for deira studieprogresjon.
- At studentar også skal innlemmast i AKAN-avtalen.
- At studentar på studieprogram med skikkeheitskrav ikkje skal verta anset som uskikka eller ueigna berre som følgje av at dei søk hjelp for rusavhengigheit.